

Harald Solheim, Lindås kommune

Dykkar ref.

Vår ref.  
18/9-95/KES

Dato  
18. oktober 2018

## Tre adressenamnsaker i Lindås kommune. Tilråding.

Me syner til to brev som Harald Solheim i Lindås kommune skreiv til stadnamntenesta i Språkrådet 8. og 11. oktober i år.

Ei av dei tre sakene gjeld ein vegparsell som ligg i ein liteig nordaust for eit stort myrområde der det er ei litt stor, «fleirarma» tjørn og fleire små vasspyttar. (Myrområdet er i dag ringa inn av den opparbeidde turstigen som er kalla *Brekkeløypa*.) På ØK er namneforma *Lonena* plassert midt i myrområdet, og kommunen har føreslege å la dette namnet bli lagt til grunn for namnet på den nemnde vegparsellen. I SSR er namnet registrert med den bundne eintalsforma *Lona* som godkjend og tilrådd form, og to avleidd adressenamn er registrerte med skrivemåtane *Lonsvegen* og *Lonslia*. Adressenamnet *Lonslia* er plassert i ein teig som enno ikkje er utbygd. Den vegparsellen som det er tale om i den nye namnesaka, ligg i austre delen av liområdet og då like aust for feltet *Lonslia*. Det verkar difor naturleg å la denne vegen få namnet **Austra Lonslia**.

(Stadnamn som har endinga «-ena» i den munnlege tradisjonen bør skrivast med forma **-ene** i offentleg samanheng. Ein bør til dømes skriva **Lonene**, **Brekkenene** og **Høgdene** i staden for *Lonena*, *Brekkena* og så vidare. Jamfør her med eksisterande adressenamnformer som *Hellebrekkene* (i Lindås kommune) og *Høgdene* (i Meland kommune). (Sjå punktet 3.1.b.II i rettleiinga som er knytt til forskrifta til stadnamnlova.)

Kommunen føreslår vidare at ein annan vegparsell i same området får namnet *Brekkelia*. Skrivemåten **Brekkelia** er fullt ut tilrådeleg. (Me har her ingen merknad til valet av namn. Det er ikkje registrert noko nedarva namn på staden.)

I den tredje saka dreier det seg om ein vegparsell som endar attmed ei vik som ber namnet *Fløsvika*, og kommunen føreslår at dette namnet blir lagt til grunn for det aktuelle adressenamnet. Størsteparten av parsellen kan ikkje seiast å liggja nedmed sjølve vika. Me tilrår difor at parsellen får namnet **Fløsvikvegen**. (I SSR er *Fløsvika* registrert som ein tilrådd skrivemåte av primærnamnet.)

Med helsing frå

Gunnstein Akselberg  
stadnamnkonsulent



Postadresse  
Postboks 1573 Vika  
NO-0118 Oslo

Besøksadresse  
Observatoriegata 1 B  
NO-0254 Oslo

Sentralbord  
+47 22 54 19 50

E-post  
post@sprakradet.no  
Internett  
www.sprakradet.no

Organisasjonsnummer  
971 527 404

Daniel Ims  
seksjonssjef

Kjell Erik Steinbru  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.*

Mottakarar:  
Harald Solheim, Lindås  
kommune

Kopi til:  
Kartverket Bergen